

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 12.03.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Irene Haarklau  
**SAKA GJELD:** **Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2020/1243

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
23.03.2020

**STYRESAK:**  
019/2020

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF» til etterretning.

## Oppsummering

Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF omhandlar desse områda:

- Innleiing og generelt
- Overordna verksemdstrategi – Helse 2035 med tilhøyrande tiltaksplan
- Hovudområde for styring og oppfølging i 2020
- Helsefaglege styringsmål
- Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023
- Krav og rammer 2020
- Ressursgrunnlaget
- Økonomiske krav og rammevilkår
- Rapportering

Regjeringa vil skape pasienten si helseteneste. I møtet med helsetenesta skal kvar einskild pasient oppleve respekt og openheit, og medverknad i val av eiga behandling og korleis ho skal gjennomførast.

Det viktigaste arbeidet for å betre kvalitet og pasientsikkerheit skjer lokalt. Systematisk og målretta arbeid med kvalitetsbetring og pasientsikkerheit til beste for pasientane skal vere målet for arbeidet i verksemdene.

Regjeringa vil etablere helsefellesskap mellom kommunar og helseføretak med utgangspunkt i dei eksisterande helseføretaksområda og etablerte samarbeidsstrukturar.

Klinisk forskning skal integrerast med pasientbehandling. Det er eit leiaransvar å bidra til dette. Det er eit mål å gi fleire pasientar tilgang til utprøvande behandling.

I tråd med Meld. St. 18 (2018-2019) Helsenæringsmeldinga skal ein så langt råd er nytte marknaden til å utvikle nye tenester og løysingar.

## Fakta

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå dei tre overordna styringsmåla:

- 1) Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
- 2) Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- 3) Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 11. mars 2020. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 23. mars 2020.

## Utdrag frå styringsdokument 2020

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2020. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

### Helsefaglege styringsmål:

#### **Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga**

Hovudoppgåvene i spesialisthelsetenesta skal løysast ved dei offentlege sjukehusa. Betre samarbeid mellom private og offentlege helsetenester inneber betre utnytting av ledig kapasitet, større valfridom og nye arbeids- og samarbeidsformer. Pasientane skal sleppe unødvendig ventetid. Pasientforløpa skal vere gode og effektive.

#### **Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling**

Helseføretaka skal halde fram med å prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Psykisk helsevern er tema i Nasjonal helse- og sjukehusplan, og dei regionale helseføretaka skal innrette verksemda si og styringa av helseføretaka i tråd med planen.

For at pasientane skal få rett tilbod på riktig nivå, blir arbeidet med betre samarbeid rundt tilvisingar vidareført. Psykisk helsevern og TSB skal, avhengig av kva pasienten treng, tilby tenestene sine i samhandling med kommunen.

#### **Betre kvalitet og pasienttryggleik**

Eit systematisk og målretta arbeid med kvalitetsbetring og pasientsikkerheit til beste for pasientane skal vere målet for arbeidet i verksemdene.

Kvalitetsmålingar, uønskte hendingar, kvalitetsregister, forskingsbasert kunnskap og pasient, og pårørandeerfaringar må brukast aktivt i formidlinga av tenestetilbodet og i systematisk betringsarbeid.

### Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023:

Nasjonal helse- og sjukehusplan gir retning og rammer for utviklinga av spesialisthelsetenesta og samarbeidet med den kommunale helse- og omsorgstenesta. Planen set ei rekkje krav til korleis helseføretaka skal innrette verksemda si og gir rammer for lokale utviklingsplanar. I tillegg er det gitt konkrete oppdrag til dei regionale helseføretaka.

Oppdrag til helseføretaka som er knytta til nasjonal helse- og sjukehusplan omhandlar m.a.

- Helsefellesskap
- Utviklingsplanar

- Læreplassar
- IKT utvikling og digitalisering

#### Økonomiske krav og rammevilkår:

Helse Førde HF skal i 2020 oppnå eit positivt resultat på 26 millionar kroner.

#### Rapportering:

Rapporteringa omhandlar system for:

- ✓ Månadleg rapportering, tertialrapportering og halvårleg rapportering
- ✓ Rapportering til SSB og NPR
- ✓ Årleg melding
- ✓ Årsrekneskap
- ✓ Rapport om bruk av midlar og aktivitet

#### **Kommentarar**

Helse Førde leverer godt på mange overordna kvalitetsindikatorar. Viktige tema framover blir betre samhandling, oppgøveplanlegging og organisering, innovasjon og bruk av ny teknologi.

Psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal også prioriterast i 2020.

Innan nokre fagfelt har Helse Førde utfordringar i forhold til rekruttering. Utdanning blir eit særskilt viktig område i åra som kjem. Å få den nye spesialistutdanninga for legar til å fungere kan bli krevjande, og det er særskilt viktig at føretaket har eit godt samarbeid med Helse Bergen.

Sunn og levekraftig økonomisk styring er eit grunnleggande middel for å nå måla i styringsdokumentet. Helse Førde skal oppnå eit overskot på 26 millionar kroner i 2020.

Administrerande direktør vil følgje utviklinga av dei ulike parameterane nøye utover året, mellom anna ved jamlege rapporteringar etter fastsette malar.

#### **VEDLEGG:**

Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF